

Medlemene av generalforsamlinga og styret.

Førde, 05.03.2026

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING I SPAREBANK 1 SOGN OG FJORDANE

Det vert med dette kalla inn til generalforsamling i SpareBank 1 Sogn og Fjordane:

Torsdag den 26. mars 2026, kl. 13:00 – 16.00

Møtet blir gjennomført fysisk i SpareBank 1 Sogn og Fjordane sine lokale i Førde. Vi vil først gjennomføre møte i tråd med agenda, for deretter å følgje opp med ein utvida orientering om aktuelle tema for generalforsamlinga. Det vil bli servert mat etter møteslutt. Vi ber deltakarane om å stadfeste deltaking så tidleg som mogleg, ved å stadfeste innkalling sendt per e-post.

Sakliste:

1. Registrering av frammøte.
2. Val av ein person som er til stades til å skrive under møteboka saman med møteleiar.
3. Godkjenning av innkallinga.
4. Godkjenning av saklista.
5. Orientering frå administrerande direktør.
6. Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2025, under dette disponering av overskot og utdeling av utbytte.
7. Fastsetting av godtgjersle til revisor for 2025.
8. Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.
9. Styret sine retningslinjer for fastsetting av lønn til leiarar (generalforsamlinga sitt vedtak er rådgjevande).
10. Fullmakt til kapitalauke og kjøp av eigne eigenkapitalbevis.
11. Val av styremedlemer.
12. Orientering om val av medlemer til generalforsamlinga.
13. Val av medlemer og varamedlemer til valnemnd for generalforsamlinga.
14. Fastsetting av godtgjersle og honorar til tillitsvalde.

Denne innkallinga med vedlegg er tilgjengeleg på banken si internettside www.ssf.no.

I samsvar med vedtektene § 3-7 vert ikkje vedlegga til innkallinga sende med post til medlemene av generalforsamlinga. Saksdokumentasjon og vedlegga blir lagt ut på www.ssf.no og på www.newsweb.no 05.03.2026. Dersom ein medlem likevel ønskjer å få tilsendt dokument per post, kan førespurnad rettast til Jill Aasen Hole på telefon nr: 90 52 66 42, eller ved å sende ein e-post til jill.aasen.hole@ssf.no.

Vi ber om at dei som ikkje har høve til å møte melder ifrå om dette snarast råd og seinast fem dagar før møtet til Jill Aasen Hole på e-post: jill.aasen.hole@ssf.no, slik at varamedlem kan kallast inn.

Varamedlemer får saklista til orientering, men møter berre etter nærare innkalling.

Styreleiar og administrerande direktør skal vere til stades. Ved gyldig forfall skal det utpeikast vararepresentant. Andre styremedlemer kan vere til stades. Styremedlemene og administrerande direktør har rett til å uttale seg på generalforsamlinga.

Vel møtt!

Med helsing
SPAREBANK 1 SOGN OG FJORDANE

Lise Mari Haugen
styreleiar

Saksdokument

Sak 1-2 Registrering og val av person til å signere møteboka.

Ingen saksdokument utover innkalling ligg føre.

Sak 3 Godkjenning av innkalling.

Skriftleg innkalling er sendt til alle medlemmer og varamedlemmer av generalforsamling 05.03.26. Innkalling er med det sendt minimum 14 dagar før møtet i generalforsamlinga skal finne stad, jf. finansføretakslova § 8-3 (1) og allmennaksjelova §§ 5-10 og 5-11 b.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes innkallinga.

Sak 4 Godkjenning av saklista.

Innkalling med sakliste og saksdokument er gjort tilgjengeleg på banken sine heimesider www.ssf.no den 05.03.26, i samsvar med finansføretakslova § 8-3 (1), allmennaksjelova §5-11 a og vedtektene § 3-7. Innkalling og saksdokument er også gjort offentleg gjennom Oslo Børs si meldingsteneste www.newsweb.no den 05.03.26.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes saklista.

Sak 5 Orientering frå administrerende direktør.

Administrerende direktør vil orientere om drift og strategi i møtet.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

Sak 6 Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2025, under dette disponering av overskot og utdeling av utbytte.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane sin årsrapport følgjer som vedlegg nr 1.

Årsrapporten inneheld mellom anna:

- Styret si årsmelding
- Resultatrekneskap, balanse, eigenkapitaloppstilling, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar
- Utgreiing om styring av verksemda
- Berekraftsrapportering for banken

Administrasjonen vil orientere om rekneskapen i møte.

Årsoverskotet som generalforsamlinga skal disponere er som følgjer:

Resultat etter skatt morbank	kr 808.047.788
Renter til hybridkapitalinvestorar	kr – 43.417.291
Til disposisjon	kr 764.630.497

Framlegg til vedtak

Årsrekneskapen som vedlagt vert godkjent som banken sin årsrekneskap for 2025.

Generalforsamlinga vedtar at årsresultatet for 2025 vert disponert som følgjer:

Utbytte (kr 30,00 pr EK-bevis)	kr 584.118.510
Gåver	kr 20.000.000
Utjamningsfond	kr 63.209.935
Anna grunnfondskapital	kr 97.302.052
Sum disponert	kr 764.630.497

Utbytte skjer på grunnlag av eigarsamansetning pr 26. mars 2026 og med utbetaling 15. april 2026.

Styret si årsmelding, revisjonsmelding og utgreiing om styring av verksemda vert tatt til orientering.

Sak 7 Fastsetting av godtgjersle til revisor for 2025.

I samsvar med finansføretakslova § 8-17 skal generalforsamlinga godkjenne ekstern revisor si godtgjersle. Godtgjersla følgjer av rekning og er spesifisert i note 26 til rekneskapen. Godtgjersla er også handsama i revisjonsutval 27.02.2026 og styremøte 04.03.2026.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner revisor si godtgjersle på kr 1.046.423 for 2025. Av dette gjeld kr 1.035.735 lovpålagt revisjon, medan kr 10.688 gjeld andre tenester.

Sak 8 Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf allmennaksjelova § 5-6 (3) og § 6-16b legge fram for generalforsamlinga ei fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette med slikt innhald som fastsett i allmennaksjelova § 6-16b.

For 2025 har banken utvida si fråsegn i form av ein leiarlønnssrapport. Leiarlønnssrapporten følgjer som vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga. Det vert vist til rapporten utan nærmare merknader. Det vert tilrådd at leiarlønnssrapporten vert teken til vitande.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tar leiarlønnssrapport for 2025 til vitande slik denne er formulert i vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga.

Sak 9 Styret sine retningslinjer for fastsetting av lønn til leiarar (generalforsamlinga sitt vedtak er rådgjevande).

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf. allmennaksjelova § 5-6 legge fram for generalforsamlinga retningslinjer for fastsetting av leiarløner. Sistnemnde regel i allmennaksjelova gjeld såleis tilsvarande for finansføretak. Retningslinjene skal i tråd med allmennaksjeloven § 6-16a godkjennast av generalforsamlinga ved vesentlege endringar og minst kvart fjerde år. Retningslinjene følgjer som vedlegg nr 3 til denne saksframstillinga.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner retningslinjer for godtgjersle til leiande personar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane slik dei er formulert i vedlegg nr 3 til denne saksframstillinga.

Sak 10 Fullmakt til kapitalauke og kjøp av eigne eigenkapitalbevis.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ved årsskiftet ei kapitaldekning på 21,9 % og rein kjernekapitaldekning på 17,8 %. Banken er solid og har god margin til gjeldande regulatoriske krav.

Banken ønskjer å ha beredskap for å hente ny ansvarleg kapital for å oppretthalde og eventuelt styrke denne soliditeten. Styret fekk i generalforsamlingsmøte 27.03.25 fullmakt til å hente inntil 500 millionar kroner i fondsobligasjonar, 600 millionar kroner i ansvarlege lån og 2000 millionar kroner i anna etterstilt gjeld. Vidare fekk styret fullmakt til å kjøpe tilbake eigenkapitalbevis for samla pålydande inntil 150 millionar kroner.

Desse fullmaktene har ei lovbestemt maksimal varigheit på 18-24 månadar. I prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) er det tilrådd at styrefullmakt til kapitalauke ikkje bør gjelde lenger enn til neste ordinære generalforsamling og bør avgrensast til konkrete formål. Vi ønskjer å tilpasse oss NUES på dette punktet og har derfor lagt oss på ei varigheit fram til neste ordinære generalforsamling, og dermed ei årleg fornying av fullmaktene.

Styret foreslår ei vidareføring av fullmaktene knytt til fondsobligasjonar, ansvarleg gjeld, etterstilt gjeld og tilbakekjøp av eigenkapitalbevis.

Styret inviterer generalforsamlinga til å gi styret fullmakt i tråd med det som er skissert under.

Framlegg til vedtak

1 Fullmakt til å overta egne egenkapitalbevis:

- a) Styret vert gitt fullmakt til å overta egne egenkapitalbevis for samla pålydande 150 millionar kroner innanfor dei rammer som er fastsette i lov og forskrift. Det minste og høgste beløp som kan betalast for det einskilde egenkapitalbevis er høvesvis kr 50,- og kr 400,-.
- b) Fullmakta skal gjelde til neste ordinære generalforsamling.
- c) Den samla pålydande verdi av egenkapitalbevis som banken eig eller har avtalepant i, skal ikkje overstige 10 prosent av banken sine totale pålydande eigarandelskapital.
- d) Før ei eventuell børssnotering kan egenkapitalbevis kjøpast direkte frå eigar i andrehandsmarknaden. Etter ei eventuell børssnotering skal slikt erverv skje ved kjøp i verdipapirmarknaden via børss.
- e) Eigne egenkapitalbevis kan nyttast til retta sal eller tildeling til tilsette i konsernet og styre- og varamedlem til styret.
- f) Fullmakta føreset registrering i føretaksregisteret og Finanstilsynet si godkjenning.

2 Fullmakt til å utferde fondsobligasjonar:

- a) Styret vert gitt fullmakt til å utferde fondsobligasjonar med pålydande verdi inntil 500 millionar kroner
- b) Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

3 Fullmakt til å utferde ansvarleg lån:

- a) Styret vert gitt fullmakt til å utferde ansvarleg lån med pålydande verdi inntil 600 millionar kroner.
- b) Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

4 Fullmakt til å utferde etterstilt gjeld (Tier 3-gjeld):

- a) Styret vert gitt fullmakt til å utferde etterstilt gjeld utover ansvarleg lån og fondsobligasjonar med pålydande verdi inntil 2.000 millionar kroner.
- b) Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

Sak 11 Val av styremedlemer.

Sak 11.1 Val av medlemer og varamedlem til styret med unntak av medlemer og varamedlemer valde av dei tilsette.

I samsvar med vedtektene § 4-1 og § 5-1 og instruks for valnemndene i SSF, legg valnemnda for generalforsamlinga fram forslag til styresamansetjing frå 2026.

Styremedlemer som er på val i år:
Silje Skaar Sunde
Vegard Strand

Varamedlem som er på val i år:
1. varamedlem Jan Nikolai Hvidsten

Suppleringsval:
2. varamedlem Hanne Katrine Mundal

Valnemnda vurderer at styret fungerer godt og har solid og relevant kompetanse med nødvendig breidde. Styret har tydeleg rolleforståing og eit godt fokus på strategi, økonomi, risikostyring og etterleving av regelverk.

I sitt arbeid har valnemnda vurdert både dagens og framtidige kompetansebehov. Det er lagt vekt på å sikre kontinuitet, då dei siste åra har vore fleire endringar i styresamansetjinga. Valnemnda legg til rette for ein strukturert prosess og ein langsiktig plan som skal bidra til ei styresamansetjing med rett kompetanse også i framtida. På denne bakgrunn vert det gjort framlegg om attval av alle faste styremedlemer.

2. varamedlem har stilt plassen sin til disposisjon for å legge til rette for styrking av mellom anna styret sin finans- og etterlevingskompetanse. Rune Norstrand Olsen er utdanna siviløkonom frå Handelshøgskulen i Bodø og har master i revisjon og rekneskap. Han har over 30 års erfaring frå revisjon og god kjennskap til bankverksemd og regulatoriske krav. I styret vil han særleg bidra med kompetanse innan kreditt- og operasjonell risiko, internkontroll, risikostyring og finansiell rapportering, samt brei erfaring innan leiing, strategi og etterleving frå fleire bransjar.

Rune Norstrand Olsen vert føreslått vald som 2. varamedlem for eitt år, medan Jan Nikolai Hvidsten vert føreslått attvald som 1. varamedlem.

Magny Øvrebø er på val som nestleiar og vert føreslått attvald som nestleiar for ein periode på to år.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak for val av styremedlemer:

Val av styremedlemer for 2 år:

Silje Skaar Sunde – attval. Periode 2026-2028.

Vegard Strand – attval. Periode 2026-2028.

Val av 1. varamedlem til styret for 2 år:

Jan Nikolai Hvidsten – attval. Periode 2026-2028.

Val av nestleiar i styret for 2 år:

Magny Øvrebø. Periode 2026-2028.

Sak 11.2 Suppleringsval 2. vara til styret for 1 år.

Sjå saksutgreiing i sak 11.1.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak

Rune Norstrand Olsen vert vald som 2. varamedlem til styret for ein periode på eitt år.

Sak 11.3 Orientering om val av tilsette sine representantar til styret.

Tilsette kan krevje to styrerepresentantar med varamedlemer. Det er berre tilsette som kan fremje forslag og stemme ved val av tilsette sine representantar til styret.

Dei tilsette som var på val i år er Ole-Hermann Rognsøy som medlem, og Bjørn-Egil Holmøyvik som varamedlem.

Resultat frå valet blant dei tilsette:

Ole-Hermann Rognsøy, medlem for 2 år. Periode 2026-2028.

Jo Dale Pedersen, varamedlem for 2 år. Periode 2026-2028.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

Sak 12 Orientering om val av medlemmer til generalforsamlinga.

Sak 12.1 Orientering om innskytarval av medlemmer til generalforsamlinga.

På val sto:

Valdistrikt 1: Bremanger, Gloppen, Stad, Stryn og Volda

Ingen på val

Valdistrikt 2: Askvoll, Fjaler, Kinn og Sunnfjord

Innskytarvalt i Sunnfjord: Brigt Samdal (2022 – 2026)

Innskytarvalt i Sunnfjord: Christine Nikøy Rogne (2022 – 2026)

1. vara for Sunnfjord: Dagrun Kyrkjebø (2022 – 2026)

2. vara for Sunnfjord: Tor Einar Erikstad (2022 – 2026)

Valdistrikt 3: Aurland, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Sogndal, Solund, Luster, Lærdal, Vik, Årdal og Bergen kommune

Innskytarvalt i Sogn m/Bergen: Tore Thorsnes (2022 – 2026)

Valnemnda har gjort ei heilskapleg vurdering av samansetninga av generalforsamlinga og aktuelle kandidatar. Det er lagt vekt på kompetanse, demografisk representasjon og kjønnsbalanse.

Valnemnda si innstilling av kandidatar til innskytarvalet:

Valdistrikt 2: 4 kandidatar på val: 2 medlem og 2 varamedlem

1. Dagrunn Kyrkjebø (1971), konstituert utviklingsdirektør, Førde

2. Jan Henrik Nygård (1961), dagleg leiar, Florø

3. Sigrid Anette Førde (1983), forretningsutviklar, Naustdal

4. Anne Karin Steen (1966), senterleiar, Førde

5. Geir Ove Refvik (1964), salssjef, Raudeberg

6. Ingunn Maria Kjelstad (1978), dagleg leiar, Sande i Sunnfjord

7. Frank Kirkebø (1958), dagleg leiar, Førde

8. Linn Cecilie Ullaland Ekreskar (1980), fagarbeidar, Naustdal

9. Linn Therese Nekkøy (1989), dagleg leiar, Florø

10. Olve Grotle (1964), advokat, Førde

11. Viggo Leikanger (1977), faglærer, Naustdal

12. Christine Nikøy Rogne (1982), samhandlingskoordinator, Dale i Sunnfjord

13. Tor Einar Erikstad (1985), kontorleiar, Holmedal

Valdistrikt 3: 1 kandidat på val: 1 medlem

1. Kristin Myren (1982), dagleg leiar, Bjordal

2. Svein Jarle Slinde (1980), ingeniør/bonde, Fardal

3. Ingvild Kvamme (2003), innhaldsprodusent, Høyanger

4. Ane Kristiansen Solbraa (1978), prodekan, Sogndal

Valet blei gjennomført 23. – 24. februar.

Resultatet av innskytarvalet:

For valdistrikt 2 er desse valt inn:

Medlem:

Dagrunn Kyrkjebø (tidlegare 1. vara) for 4 år. Periode 2026-2030.

Jan Henrik Nygård (ny) for 4 år. Periode 2026-2030.

Varamedlem:

1. Sigrid Anette Førde (ny) for 4 år. Periode 2026-2030.

2. Anne Karin Steen (ny) for 4 år. Periode 2026-2030.

For valdistrikt 3 er desse valt inn:

Medlem:

Kristin Myren (ny) for 4 år. Periode 2026-2030.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

Sak 12.2 Orientering om val av EKB-eigarrepresentantar til generalforsamlinga.

Ordinært val:

På val sto Katrine Myklebust, Helge Holm-Marøy og Randi Engen som medlem.

Helge Holm-Marøy (attval) blei vald som representant for fire år. Periode 2026-2030.

Randi Engen (attval) blei vald som representant for fire år. Periode 2026-2030.

Arne Håkon Laberg (tidlegare 1. vara) blei vald som representant for fire år. Periode 2026-2030.

På val sto 1. vara Arne Håkon Laberg og 2. vara Geir Ståle Støfring som varamedlem.

Geir Ståle Støfring (tidlegare 2. vara) blei vald som 1. vararepresentant for fire år. Periode 2026-2030.

Anne Stine Meland blei vald som 2. vararepresentant for fire år. Periode 2026-2030.

Suppleringsval:

Det blei gjennomført suppleringsval for 4. vara Harald Kvame.

Per Helge Hågvar blei vald som 4. vararepresentant for eitt år. Periode 2026-2027.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

Sak 12.3 Orientering om val av tilsettere representantar til generalforsamlinga.

Ordinært val:

Representantane Marie Heieren og Roger Svarstad sto på val.

Vararepresentant Tor Ulsten sto på val.

Suppleringsval:

Det blei gjennomført suppleringsval for Harald Slettvoll som har oppnådd makstid for medlem i generalforsamlinga. Suppleringsvalet gjeld gjenverande periode 2026 – 2028.

Det blei gjennomført suppleringsval for Ragnhild Helgheim som har slutta i banken.

Suppleringsvalet gjeld gjenverande periode 2026 – 2027.

Valstyret stadfestar val av følgjande tilsettere representantar til generalforsamlinga:

Marie Heieren, representant for 4 år. Periode 2026 – 2030.

Roger Svarstad, representant for 4 år. Periode 2026 – 2030.

Anders Myrhol, 2. vararepresentant for 4 år. Periode 2026 – 2030.

Valstyret stadfestar val av følgjande representant til generalforsamling i suppleringsval:

Anette Nygård, representant for 2 år. Periode 2026 – 2028.

Tor Ulsten, representant for 1 år. Periode 2026 – 2027.

Sak 13 Val av medlemmer og varamedlemmer til valnemnd for generalforsamlinga.

Sak 13.1 Val av medlemmer og varamedlemmer til valnemnd for generalforsamlinga for 2 år.

I dag er valnemnda sett saman av følgjande medlemmer:

Helge Holm-Marøy, EKB-representant

Anita Nordheim (leiar), innskytarvald

Roger Svarstad, tilsettere representant

Varamedlemmer:

Tore Thorsnes, innskytarvald

Marit Lofnes Mellingen, EKB-representant

Marie Heieren, tilsettere representant

I år var følgjande på val:

Tilsettere representant Roger Svarstad som medlem.

Tilsettere representant Marie Heieren som varamedlem.

Resultat frå valet blant dei tilsette:

Tilsettere representant valnemnd for 2 år: Roger Svarstad (attval). Periode 2026 – 2028.

Tilsettere representant vara til valnemnd for 2 år: Marie Heieren (attval). Periode 2026 – 2028.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

Sak 13.2 Suppleringsval varamedlem til valnemnd for generalforsamlinga for 1 år.

Varamedlem Tore Thorsnes ønske ikkje attval som innskytarkandidat i generalforsamlinga, og valnemnda gjer derfor eit suppleringsval for innskytarvalt varamedlem til valnemnda.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak

Varamedlem innskytarvalde Dagrunn Kyrkjebø – ny vararepresentant i valnemnda for 1 år (2026-2027).

Sak 14 Fastsetjing av godtgjersle og honorar til tillitsvalde.

På generalforsamlinga i 2025 blei det gjort ei justering av godtgjersle i tråd med forventade lønns- og prisvekst. I tillegg blei det gjort ei moderat justering av godtgjersla til leiar og faste medlemmer i valnemnda for generalforsamling. I 2026 tilrår valnemnda at det blir gjort ei justering i tråd med forventade lønns- og prisvekst for alle godtgjersler.

Valnemnda sitt forslag til endring av godtgjerslesatsane er markert med blå bakgrunn i kolonnane til høgre i tabellen på neste side.

	Sats pr år 2025	Pr møte 2025	Forslag sats per år 2026	Forslag sats per møte 2026
Generalforsamling				
Leiar	34 650	4 200	36 200	4 400
Medlemer		4 200		4 400
Varamedlemer		4 200		4 400
Styret				
Leiar	273 000	5 800	285 000	6 100
Nestleiar	153 000	5 800	160 000	6 100
Medlemer	105 000	5 800	110 000	6 100
Varamedlemer		9 000		9 400
Valnemnd generalforsamling				
Leiar	50 000	4 700	52 200	4 900
Medlemer	11 550	4 700	12 100	4 900
Varamedlemer		4 700		4 900
Valnemnd EKB eigarar				
Leiar	6 300	4 700	6 600	4 900
Medlemer		4 700		4 900
Varamedlemer		4 700		4 900
Godtgjersleutval				
Leiar	11 550	4 700	12 100	4 900
Medlem	6 300	4 700	6 600	4 900
Revisjonsutval				
Leiar	23 100	4 700	24 100	4 900
Medlem	11 550	4 700	12 100	4 900
Risikoutval				
Leiar	23 100	4 700	24 100	4 900
Medlem	11 550	4 700	12 100	4 900

Framlegg til vedtak:

Honorarsatsar til tillitsvalde blir endra i samsvar med tabellen over.